



Arkivnr: 2014/15940-6
Saksbehandlar: Sigrid H Aardal

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		01.12.2016
Utval for miljø og samferdsel		01.12.2016
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		06.12.2016
Fylkesutvalet		08.12.2016
Fylkestinget		13.12.2016

Endringar etter gjennomgang av Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune.

Samandrag

I fylkesutvalsak PS 333/2015, møte 03.12.2015, vart det nedsett ei politisk arbeidsgruppe til å gå gjennom Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune. Gruppa bestod av gruppeleiarane i fylkestinget, med nestgruppeleiarane som varamedlemer.

Den poliske arbeidsgruppa legg med dette fram forslag til endringar i delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune.

Forslag til innstilling

Jfr. forslag til innstilling frå politisk arbeidsgruppe.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

28.11.2016

Delegasjonsreglement for Hordaland Fylkeskommune

Endringer

Forslag frå politisk arbeidsgruppe 2016

Forslag til innstilling.

I Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune vert det gjort slike endringer:
(Forslag til endringar i *kursiv*, det som er teke bort er *øverstrøke*)

Generelt om delegasjon

Innhald

- A. Reglement for folkevalde organ
- B. *Andre organ*
- B.C. Delegasjon til fylkesrådmannen
- C.D. Delegasjon etter særlov
- D.E. Delegasjon på vegsektoren

Reglement for fylkestinget.

2.1 Overordna planlegging og regional utvikling

2.1.1 Regional planlegging, plan- og bygningslova §§ 7-1 og 8-1

- vedtek regional planstrategi, regionale planar og *temaplanar*

2.1.5 Saksordførar

- *oppnemner saksordførar, sjå Regelement for utvala pkt 3. Arbeidsform*

Nytt pkt. 2.4.5.

Val og suppleringsval til særlovsorgan og andre organ oppretta av fylkestinget, der oppnemninga er lagt til fylkestinget.

Noverande pkt.2.4.5. vert 2.4.6.

Nytt pkt 5. Fråsegner

Dersom fylkestinget ynskjer å uttala seg om dagsaktuelle saker så kan det gjerast gjennom å vedta ei fråsegn om saka.

Framlegg om fråsegn vert varsla i samband med ordskiftet etter talane.

Nytt pkt 6.Taletid

Ordinær taletid for innlegg i fylkestinget er sett til 3 min. Det er høve med inntil 3 replikkar til kvart innlegg på 1 min, samt svarreplikk på 1 min pr. replikk.

I større saker, for eksempel budsjettbehandling kan fylkesordføraren fastsetja ei anna ordning for taletid, dersom ikkje fylkestinget set seg imot. Dette må takast opp før ordskiftet tek til.

Pkt.5 - Klage vert pkt.7.

Reglement for utvala. Felles.

Utvala nemnde under skal innanfor kvar sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikkkutforming for fylkeskommunen som regionalpolitisk pådrivar og samordnar, og for fylkeskommunen si eiga verksemd og tenesteproduksjon. Utvala skal gjera endeleg vedtak i enkelt saker etter nærare delegasjon fastsett i reglement og vedtak.

1. Utval. Samansetjing

Det er 3 utval med kvar sine ansvarsområde:

Kultur, idrett og regional utvikling
Opplæring og helse/sosial/folkehelse
Miljø og samferdsel

Namn. Medlemstal

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har 13 medlemmer.

Utval for opplæring og helse har 15 medlemmer

Utval for miljø og samferdsel 15 medlemmer.

Medlemmer og varamedlemmer vert valde av fylkestinget, som og vel leiar og nestleiar. Medlemene og varamedlemene bør veljast mellom fylkestinget sine medlemmer og varamedlemmer.

2. Arbeidsform i utvala

I saker som gjeld fleire utval sitt ansvarsområde, skal sak leggjast fram for alle dei aktuelle fagutvala for tilråding.

Fylkesordføraren fordeler sakene mellom utvala. Når ei sak femner om fleire utval sitt arbeidsområde og det er viktig at eit utval har hovudansvaret, avgjer fylkesordføraren i samråd med utvalsleiarane kva utval som skal ha hovudansvar for saka.

I utgreiingsfasen av ei sak kan utvalet leggja saker direkte fram for fylkestinget til drøfting for å få innspel.

I viktige saker innan politikkkutforming kan utvala bruka opne høyringar som arbeidsform.

Saksordførar

Fylkestinget oppnemner saksordførar for saker som vert lagde fram for fylkestinget og for saker som etter delegasjon vert avgjorde av fylkesutvalet når det ut frå sakstype er føremålstenleg å ha saksordførar.

Saksordføraren skal følgja saka gjennom heile prosessen, også ved handsaminga i fylkesutvalet.

Saksordføraren har samordningsansvar dersom saka omfattar fleire utval sitt arbeidsområde. Nærare kriterium for saksordførarordninga går fram av Retningsliner for saksordførarordninga, vedteke av fylkestinget 24.03.99 (sak 25/99).

3. Sakshandsaming

For utvala gjeld reglement for sakshandsaming så langt det passar.

4. Fråsegner

Fråsegner på vegner av Hordaland fylkeskommune vert å leggja fram for fylkestinget/fylkesutvalet. Utvalet kan gje sjølvstendige fråsegner innan sitt saksfelt.

Reglement for Utval for kultur, idrett og regional utvikling

a. Oppgåver

Utval for kultur, idrett og regional utvikling skal innan sitt saksområde arbeida med:

I. Regionalpolitikk

- regionalplan
- oppfølging av regionalplan
- ordningar/tiltak innan ulike område
- regionalutvikling gjennom uttale til sentrale styringsdokument
- *ansvaret for å ivareta regionale planar i kommunale arealplanar*

II. Fylkeskommunen si eiga verksemd

- utforming av mål for verksemda og prioriteringar for tenestetilbodet sett i høve til økonomiske føresetnader og kvalitetskrav, og kopla opp mot regionalpolitikken
- retningslinjer for tenestetilbodet og drifta
- økonomiplan / årsbudsjett
- endring av budsjettammer
- resultatvurdering

b. Saker der utvala har avgjerdsmynde

- fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta og som ikkje gjeld næringsføremål
- fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar som ikkje gjeld næringsføremål
- saker etter fullmakt fastsett i reglement for delegasjon etter særlov
- saker som overordna organ delegerer til utvala tildeling av fylkeskommunale prisar relatert til saksområdet
- ~~fordeling av midlar til ombygging av fylkeskommunale bygg innanfor gitte rammer fordeling av løyvingar til større undervisningsutstyr~~
- *oppstart av temaplan innafor eige ansvarsområde*
- *årleg rapport om gjennomføring av planar innan eige ansvarsområde*
- *fråsegn om regionale interesser i kommunale planar innafor sitt fagansvar*

c. Saker der utvala gjev tilråding

- planleggings- og økonomisaker *innan sitt ansvarsområde*
- saker der fylkesutvalet tek avgjerd etter innstilling frå utvala i samsvar med reglement for delegasjon etter særlov
- *gje innstilling om vedtak av planprogram innan sitt ansvarsområde*
- *utarbeide/styre og fylgja opp regionale planar innan sitt ansvarsområde*
- *gje innstilling om høyringsforslag og endeleg plan innafor eige ansvarsområde*
- *gje innstilling om revidert handlingsprogram innafor eige ansvarsområde*
- *ansvaret for å ivareta regionale planar i kommunale arealplanar*

~~d. Fråsegner~~ Flytta til felles for utvala

~~3. Arbeidsform i utvala~~ Flytta til felles for utvala

~~4. Sakshandsaming~~ Flytta til felles for utvala

Reglement for utval for miljø og samferdsel

a. Oppgåver

Utval for miljø og samferdsel skal innan sitt saksområde arbeida med:

I. Regionalpolitikk

- regionalplan
- oppfølging av regionalplan
- ordningar/tiltak innan ulike område

- regionalutvikling gjennom uttale til sentrale styringsdokument

II. Fylkeskommunen si eiga verksemd

- utforming av mål for verksemda og prioriteringar for tenestetilbodet sett i høve til økonomiske føresetnader og kvalitetskrav, og kopla opp mot regionalpolitikken
- retningslinjer for tenestetilbodet og drifta
- økonomiplan / årsbudsjett
- endring av budsjettrammer
- resultatvurdering

b. Saker der utvala har avgjerdsmynde

- fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta og som ikkje gjeld næringsføremål
- fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar som ikkje gjeld næringsføremål
- saker etter fullmakt fastsett i reglement for delegasjon etter særlov
- saker som overordna organ delegerer til utvalet tildeling av fylkeskommunale prisar relatert til saksområdet
- ~~fordeling av midlar til ombygging av fylkeskommunale bygg innanfor gitte rammer~~
- ~~fordeling av løyvingar til større undervisningsutstyr~~
- *oppstart av temaplan innafor eige ansvarsområde*
- *årleg rapport om gjennomføring planar innan eige ansvarsområde*
- *fråsegn om regionale interesser i kommunale planar innafor sitt fagansvar*

c. Saker der utvala gjev tilråding

- planleggings- og økonomisaker *innan sitt ansvarsområde*
- saker der fylkesutvalet tek avgjerd etter innstilling frå utvala i samsvar med reglement for delegasjon etter særlov
- *gje innstilling om vedtak av planprogram innan sitt ansvarsområde*
- *utarbeide/styre og fylgja opp regionale planar innan sitt ansvarsområde*
- *gje innstilling om høyringsforslag og endeleg plan innafor eige ansvarsområde*
- *gje innstilling om revidert handlingsprogram innafor eige ansvarsområde*

d. Fråsegner. Flytta til felles for utvala

3. Arbeidsform i utvala. Flytta til felles for utvala

4. Sakshandsaming. Flytta til felles for utvala

Reglement for utval for opplæring og helse

a. Oppgåver

Utval for opplæring og helse skal innan sitt saksområde arbeida med:

I. Regionalpolitikk

- regionalplan
- oppfølging av regionalplan
- ordningar/tiltak innan ulike område
- regionalutvikling gjennom uttale til sentrale styringsdokument

II. Fylkeskommunen si eiga verksemd

- utforming av mål for verksemda og prioriteringar for tenestetilbodet sett i høve til økonomiske føresetnader og kvalitetskrav, og kopla opp mot regionalpolitikken
- retningslinjer for tenestetilbodet og drifta
- økonomiplan / årsbudsjett
- endring av budsjettrammer

- resultatvurdering

b. Saker der utvala har avgjerdsmynde

- fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta og som ikkje gjeld næringsføremål
- fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar som ikkje gjeld næringsføremål
- saker etter fullmakt fastsett i reglement for delegasjon etter særlov
- saker som overordna organ delegerer til utvalet tildeling av fylkeskommunale prisar relatert til saksområdet
- fordeling av midlar til ombygging av fylkeskommunale bygg innanfor gitte rammer
- fordeling av løyvingar til større undervisningsutstyr
- *oppstart av temaplan innafor eige ansvarsområde*
- *årleg rapport om gjennomføring planar innan eige ansvarsområde*
- *fråsegn om regionale interesser i kommunale planar innafor sitt fagansvar*

c. Saker der utvala gjev tilråding

- planleggings- og økonomisaker *innan sitt ansvarsområde*
- saker der fylkesutvalet tek avgjerd etter innstilling frå utvala i samsvar med reglement for delegasjon etter særlov
- *gje innstilling om vedtak av planprogram innan sitt ansvarsområde*
- *utarbeide/styre og fylgja opp regionale planar innan sitt ansvarsområde*
- *gje innstilling om høyringsforslag og endeleg plan innafor eige ansvarsområde*
- *gje innstilling om revidert handlingsprogram innafor eige ansvarsområde*

~~d. Fråsegner~~ Flytta til felles for utvala

~~3. Arbeidsform i utvala~~ Flytta til felles for utvala

~~4. Sakshandsaming~~ Flytta til felles for utvala

Reglement for fylkesutvalet

Forslag nytt kulepunkt under pkt. 2.1.1. Bygg- og eigedomsforvaltning.

- Inngå avtaler om leige og utleige av bygg, bustader, lokale eller *tomtar(ubebygd areal)*, som er av *langsiktige og vesentleg verdi*. *Jfr. Delegasjon til fylkesrådmannen pkt.1.2. Bygg- og eigedomsforvaltning.*

Reglement for kontrollutvalet

Forslag til endra ordlyden i pkt.1. Samansetjing

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmer med varamedlemer valde av fylkestinget. 3 medlemmer med varamedlemer ~~blir valde~~ *bør veljast* blant fylkestinget sine medlemmer og varamedlemer, 2 medlemmer med varamedlemer ~~blir valde~~ *bør veljast* utanom fylkestinget sine medlemmer og varamedlemer. Leiar og nestleiar *bør veljast* blant fylkestinget sine medlemmer. *Leiaren skal veljast blandt medlemmer frå opposisjonspartia.*

Minst eit av utvalet sine medlemmer skal veljast blant fylkestinget sine medlemmer, jfr. komml. § 77.

Reglement for sakshandsaming.

Pkt.2 Inhabilitet

Tillegg til pkt. 2.

Den som etter lov eller etter vedtak i folkevalde organ er å sjå som inhabil, tek ikkje del i behandlinga av den aktuelle saka.

I kollegiale organ er det organet sjølv som avgjer om den folkevalde er inhabil, jfr. forvaltningslova § 8, 2.ledd.

Medlemmene bør vurdere sin eigen habilitet, og varsle om dette til administrasjonen så tidleg som mogeleg om det vil eller kan verta fremja spørsmål om habilitet i ei sak på saklista.

Pkt. 13. Førehaving av saker.

Tillegg til pkt. 13. Nytt siste punkt.

Når det vert sett fram forslag til vedtak i ei sak som ikkje står på saklista må ein først vedta at saka skal setjast på sakskartet og verta realitetsbehandla før ein kan røysta over forslaget.

Pkt. 14. Ordskifte. Taletid. Møteleiar si deltaking

Tillegg til pkt. 14. Ny siste setning i 2.ledd.

Sjå egne reglar for taletid og replikkar i fylkestinget, jfr. Reglement for fylkesting for fylkestinget pkt. 5.

Nytt tillegg, vert siste ledd.

Dokument, teikningar, plakatar eller liknande må ikkje takast med inn i eller delast ut i møtelokalet eller i tilstøytande rom utan møteleiaren, eller i tilfelle organet samtykkjer til dette.

15. Forslag

Andre setning i 1.ledd vert endra slik:

Oversendingsforslag er forslag som det ikkje er ønskje om å realitetshandsama i møtet, men som ein likevel ønskjer å få vurdert av enten eit anna utval/nivå eller av administrasjonen. Det vert røysta over om forslaget skal oversendast utan realitetsbehandling. Dersom det ikkje vert fleirtal for dette, vert forslaget ikkje oversendt. Det skal gå fram av forslaget kven som støttar det.

17. Oversendingsforslag.

1.ledd vert endra slik:

Oversendingsforslag er forslag som det ikkje er ønskje om å realitetshandsama i møtet, men som ein likevel ønskjer å få vurdert av enten eit anna utval/nivå eller av administrasjonen. Det vert røysta over om forslaget skal oversendast Utan realitetsbehandling. Dersom det ikkje vert fleirtal for dette, vert forslaget ikkje oversendt. Det skal gå fram av forslaget kven som støttar det.

Nytt pkt. B. Andre organ

Reglement for fylkeseldrerådet

Reglement for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Reglement for ungdommens fylkesting

Pkt. C Delegasjon til fylkesrådmannen.

1. Økonomi

Forvaltning, drift og vedlikehald

Første kulepunkt vert foreslått endra slik:

- *Inngå avtaler om leige og utleige av bygg, bustader, lokale eller tomtar(ubebygde areal), som ikkje er av langsiktige og vesentleg verdi.*

Nytt punkt 1.3.

Samferdse!

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjennomføra tilbudsevaluering, tildela og inngå buss-, bybane-, snøggbåt og ferjekontraktar i dei tilfeller kor fylkestinget eller fylkesutvalet har vedteke at anbudsform skal

nyttast, jf. yrkestransportlova § 8, under føresetnad av at kontraktsverdi/kostnadsramme ikkje medfører vesentleg kostnadsauke.

8. Bruk av fullmakt

Endra ordlyden:

Melding om korleis delegert fullmakt er nytta i større og vesentlege saker skal gjevast til fylkesutvalet etter kvart.

Pkt. D. Delegasjon etter særlov.

Straffelova. – Utgåår

Lov om vegtrafikk (vegtrafikkloven) av 18.06.1965 nr.4

§ 40 a.

Fylkestrafikksikringsutvalet har mynde til å tilrå og samordna tiltak for å fremja trafikktryggleiken i fylket.

Veglova

Forskrift om anlegg av offentlig veg av 29-03—2007 nr.363

Der forskrifta plasserer mynde eller oppgåver til fylkestinget eller fylkeskommunen utan nærare spesifikasjonar med omsyn til instans eller organ, har fylkesrådmannen fullmakt til å opptre på vegne av fylkeskommunen, med unntak av:

§ 3.Vegnormaler pkt.4.- utval for miljø og samferdsel har fullmakt til å fråvike vegnormalene når det gjeld «skal –krav»

Forskrift om minimum sikkerhetskrav til visse tunneler på fylkesvegnettet og kommunalt vegnett i Oslo (tunnelsikkerhetsforskrift for fylkesveg m.m.) av 2014-10-12nr.1566

Der forskrifta plasserer mynde eller oppgåver til fylkestinget eller fylkeskommunen utan nærare spesifikasjonar med omsyn til instans eller organ, har fylkesrådmannen fullmakt til å opptre på vegne av fylkeskommunen.

Straffesaker, rettergangsmåten i (Straffeprosessloven) av 22.05.1981 nr.25.

§ 81 a.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja offentleg påtale og fremja eventuelt krav om erstatning (borgarlege rettskrav) i saker som gjeld brotsverk mot fylkeskommunal eigedom og inventar, og til å krevja offentleg påtale av tilsette. I saker som gjeld påtale av tilsette kan fullmakta ikkje vidaredelegerast. Fylkesordføraren har fullmakt til å krevja offentleg påtale og fremja eventuelt krav om erstatning (borgarlege rettskrav) for andre lovbrotenn dei som er nemnd over.

Lov om folkebibliotek av 20.12.1985 nr. 108

§9 vert endra til §6.

Lov om fagskoleutdanning av 20.06.2003 nr 56

Her er det gjort endring i lova, dette må rettast opp.

§ 8, 1.ledd vert endra til § 16, nr.1.

Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27.06.2008 nr 71

§ 5-6

Fylkesordfører/fylkesvaraordfører eller den fylkesordføraren gjev fullmakt deltak i mekling på vegne av fylkeskommunen.

§ 9-1, § 9-4, § 9-5, § 9-6 og § 9-7.

Her vert det i tillegg til «vegsaker» og teke inn saker som gjeld «miljø».

Lov om erverv og utvinning av mineralressurser (mineralloven) av 19.06.2009 nr. 101.

§ 12

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje uttale til Direktoratet for mineralforvaltning når det gjeld prøveuttak.

Arbeidsgruppa sine vurderingar

I. Innleiing

I samband med handsaming av fylkesutvalssak PS 333/15 - Gjennomgang av Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - politisk arbeidsgruppe, gjorde fylkesutvalet i møte 03.12.2015 slikt vedtak:

Til å gjennomgå og vurdere endringar i "Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune" oppnemner fylkesutvalet gruppeleiarane i fylkestinget som medlemmer og gruppenestleiarane som varamedlemmer.

Arbeidsgruppa har hatt fire møte.

Arbeidsgruppa har gjennomgått delegasjonsreglementet ved å ta for seg dei ulike punkta i reglementet.

Det er ei samla arbeidsgruppe som som står bak dei endringane som er foreslått.

Ein har ikkje funne grunn til å føreslå store endringar i reglementet. Dei fleste føreslåtte endringar grunnar seg i at ein har funne det føremålstenleg med presisering, eller at ein har sett at praksis har endra seg. Når det gjeld endringar i særlovene er dette gjort med grunnlag i at lovene er vorte endra.

Ein har føreteke to endringar på oppbygginga av reglementet. Reglement for utvala er delt opp i dei 3 utvala, samt at ein har ein generell del som gjeld for alle 3 utvala. Den andre endringa i oppbygging er at ein har skilt ut andre organ og dette har fått eit eige punkt.

Moment som har vore teke opp og som ikkje er teke inn i reglementet

Det har vorte teke opp om ein burde endra regelen om vidaredelegering. I det gjeldande reglementet er regelen at «Delegert mynde kan vidaredelegerast dersom ikkje anna er sagt.» Spørsmålet som er blitt drøfta er om ein burde enda delegasjonsreglementet slik at delegert mynde til folkevald organ ikkje kan vidaredelegarast. Dette vart diskutert i gruppa og ein fann at ein ikkje ønskte å ta inn ei slik endring, då dette kunne gje uheldige verknader i samband med at ein for eksempel ønskte at ei sak f.eks. skulle kunne behandlast og vedtakast av eit utval.

Det er og reist spørsmål om yrkesopplæringsnemnda, fagskulestyret og fylkestrafikksikringsutvalet burde vore teke inn under det nye punktet B. Andre organ.

Når det gjeld Yrkesopplæringsnemnda føreligg det pr. i dag ikkje noko reglement. Arbeidsområde og behandling av saker i denne nemnda går etter reglane i opplæringslova, med forskrift til lova. Dersom det vert utarbeidd eit reglement vil dette takst inn i reglementet. Fagskulestyret var utvalet einig i ikkje burde takst inn.

Fylkestrafikksikringsutvalet er føreslått teke inn i punktet om særlover. Heimel for dette utvalet er vegtrafikklova og utvalet er kopla til dette.

Det har vore diskutert om det burde vera reglar i reglementet om fylkeskommunale aksjeselskap, føretak m.m. Gruppa har ikkje funn å ta inn i reglementet noko om dette, då dette er lovregulert i andre lover.

Det er diskutert om - Delegasjon etter særlov pkt. 22 - Lov om laksefiske og innlandsfisk m.v. av 15.05.1992 nr 47 og pkt. 35 - Lov om akvakultur (akvakulturloven) av 17.06.2005 nr 79 burde delegerast til fylkesutvalet i staden for som no fylkesrådmannen.

Gruppa fann at dette var noko ein ikkje kunne ta inn i regelementet no. Det burde leggjast fram ei eiga sak om dette slik at ein fekk ei betre oversikt på kva som var av politisk karakter i desse to lovene, samt i forskriftene, og kva som eventuelt burde avgjerast av politisk nivå.

Det vart sett fram forslag om endring når det galt reglane for førespurnader (interpellasjonar og spørsmål) og fråsegner i fylkestinget og burde gjelda for fylkesutvalet og dei politiske utvalas samt om saksordførar og kunne oppnemnast av dei politiske utvala. Dette fann utvalet at ein ikkje skulle gjera endringar på.

Reglement for økonomiske saker

Arbeidsgruppa har ved gjennomgangen av Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune sett at det kan vera naudsynt å ta ein gjennomgang av Delegasjonsreglementet for økonomiske saker. Dette vil ikkje verta gjort no, men ein ser at eit arbeid med dette må startast opp.

Rammeavtalen Statetens vegvesen

Rammeavtalen som gjeld for Statetens vegvesen og som er vedteken av fylkestinget gjeld fullmakter. Denne skal årleg rullerast og det bør difor gjerast ein gjennomgang i delegasjonsreglementet må etter desse rulleringane rettast opp slik at det er samsvar mellom rammeavtalen og reglementet.

2. Kommenterar til dei føreslåtte endringane.

Reglement for fylkestinget.

I reglement for fylkestinget er det foreslått at ein tek inn ei presisering om oppnemning av saksordførar. I gjeldande reglement er dette nemnt under utvala. Dette vert nytt pkt. 2.1.5.

Det er og teke inn eit nytt punkt om val og suppleringsval til andre organ enn dei som er nemnde i pkt. 2.4. Det vert nytt pkt. 2.4.5. Noverande pkt.2.4.5. vert 2.4.6.

Det er og teke inn ein regel som gjeld fråsegner ein ønskjer å ta opp under tingsamlinga, og korleis dette skal gjerast. Dette er teke inn i nytt pkt. 5.

I noverande reglement har ein ikkje reglar om taletid. Det har vorte praktisert slik at det er fylkesordføraren/leiaren som fastsett dette ved starten av møtet eller for kvar sak. Arbeidsgruppa har funne det føremålstenleg å fastsetja reglar for taletid og replikkar. Dette vil berre gjelda for fylkestinget, ikkje dei andre utvala. Regelen om dette er teke inn i nytt pkt. 6.

Nytt pkt. 2.1.5.

Ta inn ei presisering om oppnemning av saksordførar. Dette står gjeldande no i regelement for utvala.

Nytt pkt. 2.4.5.

Val og suppleringsval til særlovsorgan og andre organ oppretta av fylkestinget, der oppnemninga er lagt til fylkestinget.

Nytt pkt 5.

5.Fråsegner

Dersom fylkestinget ynskjer å uttala seg om dagsaktuelle saker så kan det gjerast gjennom å vedta ei fråsegn om saka.

Framlegg om fråsegn vert varsla i samband med ordskiftet etter talane.

Nytt pkt 6.

6.Taletid

Ordinær taletid for innlegg i fylkestinget er sett til 3 min. Det er høve med inntil 3 replikkar til kvart innlegg på 1 min, samt svarreplikk på 1min pr. replikk.

I større saker, for eksempel budsjettbehandling kan fylkesordføreren fastsetja ei anna ordning for taletid, dersom ikkje fylkestinget set seg imot. Dette må takast opp før ordskiftet tek til.

Reglement for utvala.

I gjeldande delegasjonsreglementet er arbeidsområder og ansvar samla i eit punkt for alle utvala. Arbeidsgruppa ønskjer at det skal vera eit reglement for kvart av utvala. Det er i endringsforslaget lagt opp til at ein har ein felles generell del som gjeld alle tre utvala og ein spesifikk del for kvart utval.

Dette forslaget medfører at inndelinga i reglementet vert endra på dette punktet.

Generell del.

Reglement for utvala

1. Utval. Samansetjing
2. Arbeidsform i utvala
3. Sakshandsaming
4. Fråsegner

For kvart utval.

Regelement for kultur, idrett og regional utvikling

Regelement for miljø og samferdsel

Regelement for opplæring og helse

Dei ulike reglementa for utvala er bygd på same lest som i gjeldande reglement.

For reglement for kultur, idrett og regional utvikling er det teke inn nokre presiseringar i høve planar.

Regelement for fylkesutvalet

Som ein konsekvens av at det er gjort endringar i fylkesrådmannen si fullmakt når det gjeld utleige og leige, vert det teke inn ei presisering når det gjeld fylkesutvalet. Det vert og teke inn ei presisering i høve anbod.

Forslag nye kulepunkt under pkt. 2.1.1. Bygg- og eigedomsforvaltning.

- Inngå avtaler om leige og utleige av bygg, bustader, lokale eller *tomtar(ubebyggt areal)*, som er av *langsiktige og vesentleg verdi*. Jfr. *Delegasjon til fylkesrådmannen pkt.1.2. Bygg- og eigedomsforvaltning*.

Reglement for kontrollutvalet

I samband med val til kontrollutval etter sist fylkestingsval, vart samansetjinga av kontrollutvalet ikkje i tråd med det reglementet fastset. Ein finn å endra ordlyden i pkt.1 Samansetjing slik at ein står friare når val skal gjerast. Dette vert gjort ved at ein endrar ordlyden «blir valde» til «bør velgjast». Ein vil og reglementsfasta at leiaren skal vera frå opposisjonen. I tillegg tek ein inn lova sitt krav om at minst eit medlem må velgjast av fylkestinget sine medlemmer.

Forslag til endra ordlyden i pkt.1. Samansetjing

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmer med varamedlemmer valde av fylkestinget. 3 medlemmer med varamedlemmer bør veljast blant fylkestinget sine medlemmer og varamedlemmer, 2 medlemmer med varamedlemmer bør veljast utanom fylkestinget sine medlemmer og varamedlemmer. Leiar og nestleiar bør veljast blant fylkestinget sine medlemmer. Leiaren skal veljast blandt medlemmer frå opposisjonspartia.

Minst eit av utvalet sine medlemmer skal veljast blant fylkestinget sine medlemmer, jfr. komml. § 77.

Reglement for sakshandsaming.

Pkt.2 Inhabilitet

I punktet om inhabilitet finn ein å gjera nokre presiseringar i regelen, ved å gjera eit tillegg til pkt.2.

Tillegg til pkt. 2.

Den som etter lov eller etter vedtak i folkevalde organ er å sjå som inhabil, tek ikkje del i behandlinga av den aktuelle saka.

I kollegiale organ er det organet sjølv som avgjer om den folkevalde er inhabil, jfr. forvaltningslova § 8, 2.ledd.

Medlemmene bør vurdere sin eigen habilitet, og varsle om dette til administrasjonen så tidleg som mogeleg om det vil eller kan verta fremja spørsmål om habilitet i ei sak på saklista.

Pkt. 13. Førehaving av saker.

Det har vist seg at det har vore ulik praksis i dei ulike utvala når det gjeld å gjera vedtak i ei sak som ikkje står på saklista. For å få ein lik praksis på gjennomføring av dette finn ein å foreslå at dette vert reglementsfasta. Dette vert teke inn i pkt. 13.

Tillegg til pkt. 13. Nytt siste punkt.

Når det vert sett fram forslag til vedtak i ei sak som ikkje står på saklista må ein først vedta at saka skal setjast på sakskartet og verta realitetsbehandla før ein kan røysta over forslaget.

Pkt. 14. Ordskifte. Taletid. Møteleiar si deltaking

Det vert foreslått at ein tek inn ei presisering i 2.ledd der ein viser til at det gjeld andre reglar for taletid og replikkar i fylkestinget. Dette er ei presisering som må sjåast i samanheng med at ein har reglementsfasta taletid etc. i fylkestinget.

I samband med f.eks. demonstrasjonar i samband med møte i folkevalde organ har ein ønskt ei noko klarar presisering om kva som er tillate. Dette er foreslått teke inn som nytt siste ledd.

Tillegg til pkt. 14. Ny siste setning i 2.ledd.

Sjå eigne reglar for taletid og replikkar i fylkestinget, jfr. Reglement for fylkesting for fylkestinget pkt. 5.

Nytt tillegg, vert siste ledd.

Dokument, teikningar, plakatar eller liknande må ikkje takast med inn i eller delast ut i møtelokalet eller i tilstøytande rom utan møteleiaren, eller i tilfelle organet samtykkjer til dette.

15. Forslag

Når det gjeld framsetjing av forslag er den regelen som er i gjeldande reglement ikkje i samsvar med det som er praksis i dag. Ordlyden i regelen vert difor endra til slik praksis er i dag.

Andre setning i 1.ledd vert endra til:

Forslag skal vera skriftlege. Det skal gå fram kven som står bak forslaget.

17. Oversendingsforslag.

Ein har funne det naudsynt å ta inn i reglementet noko om korleis oversendingsforslag skal handterast under behandlinga. Dette er på bakgrunn i at dei ulike utvala hadde ulik måte å handsama dette på. Utvalet vil peika på at det er viktig at ein får ein lik praksis.

2.setning i 1.ledd vert endra slik:

Det vert røysta over om forslaget skal oversendast utan realitetsbehandling. Dersom det ikkje vert fleirtal for dette, vert forslaget ikkje oversendt.

Delegasjon til fylkesrådmannen.

1. Økonomi

Forvaltning, drift og vedlikehald

Første kulepunkt vert foreslått endra slik: (endringa i *kursiv*)

- Inngå avtaler om leige og utleige av bygg, bustader, lokale eller *tomtar(ubebygde areal)*, som ikkje er av *langsiktede og vesentleg verdi*.

Dette har ikkje vore i det gjeldande reglementet og ein ønskjer ei presisering av korleis desse sakenen skal handterast og kor fullmakta ligg.

Nytt punkt 1.3.

Samferdsel

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjennomføra tilbudsevaluering, tildela og inngå buss-, bybane-, snøggått og ferjekontraktar i dei tilfeller kor fylkestinget eller fylkesutvalet har vedteke at anbudsform skal nyttast, jf. yrkestransportlova § 8, under føresetnad av at kontraktsverdi/kostnadsramme ikkje medfører vesentleg kostnadsauke.

8. Bruk av fullmakt

Praksisen i dag er at det vert gjeve melding om bruk av delegert fullmakt frå fylkesrådmannen i større saker. Dersom ein skal gje melding om alle saker der delegert fullmakt er nytta, vil dette verta ei uoverkommeleg mengde referatsaker til fylkesutvalet. Praksis i

Det vert foreslått at ein tek inn ei presisering om at dette gjeld «større saker og vesentlege».

Ordlyden vert då:

Melding om korleis delegert fullmakt er nytta i *større og vesentlege* saker skal gjevast til fylkesutvalet etter kvart.

Delegasjon etter særlov.

Endringane som er gjort i Delegation etter særlov er gjort med grunnlag i at det er gjort endringar i lov eller forskrift. Desse endringane vert teke med no sidan ein fyrst har ei gjennomgang av heile reglementet.

Det er teke inn endring i Plan- og bygningslova når det gjeld mekling. Dette bygger på eit vedtak som vart gjort i samband med eit budsjettvedtak i 2014.

Fylkestrafikksikringsutvalet heimla i vegtrafikklova § 40 a. Dette vert teke inn i nytt punkt under Vegtrafikklova.

Straffelova.

Lovregelen er flytta til straffeprosesslova og må takast inn der. Ordlyden er uendra.

Lov om vegtrafikk (vegtrafikkloven) av 18.06.1965 nr.4

§ 40 a.

Fylkestrafikksikringsutvalet har mynde til å tilrå og samordna tiltak for å fremja trafikktryggleiken i fylket.

Veglova

Det er kome to nye forskrifter. Dette må takast inn under fullmaktene som er delegert. Vert å ta inn til sist under punktet Veglova.

Forskrift om anlegg av offentlig veg av 29-03—2007 nr.363

Der forskrifta plasserer mynde eller oppgåver til fylkestinget eller fylkeskommunen utan nærare spesifikasjonar med omsyn til instans eller organ, har fylkesrådmannen fullmakt til å opptre på vegne av fylkeskommunen, med unntak av:

§ 3. *Vegnørmaler pkt.4.- utval for miljø og samferdsel har fullmakt til å fråvike vegnørmalene når det gjeld «skal –krav»*

Forskrift om minimum sikkerhetskrav til visse tunneler på fylkesvegnett og kommunalt vegnett i Oslo (tunnelsikkerhetsforskrift for fylkesveg m.m.) av 2014-10-12nr.1566

Der forskrifta plasserer mynde eller oppgåver til fylkestinget eller fylkeskommunen utan nærare spesifikasjonar med omsyn til instans eller organ, har fylkesrådmannen fullmakt til å opptre på vegne av fylkeskommunen.

Straffesaker, rettergangsmåten i (Straffeprosessloven) av 22.05.1981 nr.25.

§ 81 a.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja offentleg påtale og fremja eventuelt krav om erstatning (borgarlege rettskrav) i saker som gjeld brotsverk mot fylkeskommunal eigedom og inventar, og til å krevja offentleg påtale av tilsette. I saker som gjeld påtale av tilsette kan fullmakta ikkje vidaredelegerast. Fylkesordføraren har fullmakt til å krevja offentleg påtale og fremja eventuelt krav om erstatning (borgarlege rettskrav) for andre lovbrøt enn dei som er nemnd over.

Lov om folkebibliotek av 20.12.1985 nr. 108

Her er det gjort endring i lova, dette må rettast opp.

§9 vert endra til §6.

Lov om fagskoleutdanning av 20.06.2003 nr 56

Her er det gjort endring i lova, dette må rettast opp.

§ 8, 1.ledd vert endra til § 16, nr.1.

Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27.06.2008 nr 71

Denne reglementsendinga er vedteken tidlegare, i samband med sak om budsjett i 2014. Dette har ikkje vorte retta opp i reglementet og vert no teke inn.

§ 5-6

Fylkesordførar/fylkesvaraordførar eller den fylkesordføraren gjev fullmakt deltak i mekling på vegne av fylkeskommunen.

§ 9-1, § 9-4, § 9-5, § 9-6 og § 9-7.

Her vert det i tillegg til «vegsaker» og teke inn saker som gjeld miljø. Dette sidan utvalet no har fått tillagt saker som gjeld miljø.

Lov om erverv og utvinning av mineralressurser (mineralloven) av 19.06.2009 nr. 101.

Denne lova har tidlegare ikkje vorte teke inn i reglementet og lova legg mynde til fylkeskommunen. Det må då gjerast delegasjon. Ein føreslår her delegasjon til fylkesrådmannen.

§ 12

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje uttale til Direktoratet for mineralforvaltning når det gjeld prøveuttak.